Vestmannen.

Nr. 5 Bergen 20. juni 1988 4. årgang

Høyr på NRK

Av Sigurd Sandvik,
formann i Norsk Måldyrkingslag

På årsmøti i Norsk Måldyrkingslag har me ofte hatt føre oss målet i NRK. Og me har sendt føreteljingar og påminningar rett som det er. Om det har hjelpt noko, er ikkje godt å seia. Det kunde kanskje vore verre dersom ingen bar fram klagemål.

Riksmålsfolk aktar vél på sine innan NRK, og samnorskfolk endå meir ihuga. Og dei vert høyrde, er det lyand' til.

Men me har då gode folk i NRK òg, - folk som vil ha eit norsk mål både i skrift og tale. Sørebø og Brautaset er ikkje verst, og Oltedal er klår og greid, og Moberg i Bergen, ja, og so Stokkeland når han kjem til orde. Andre kunde òg vore nemnde, om me ikkje er nøgde med dei i eitt og alt. Edland **kunde** hatt eit fint mål, om han vilde - og fekk lov til det - å tala Vinje-målet fullt ut. Sameleis er det med hardingar og indre-sogningar, t.d. Lomheim, målrettaren. Kvifor skal dei ikkje bruka det fine i-målet dei har heimanfrå? Kanskje dei vil ikkje. Tarjei Vesås sa ein gong at han tykte det var so egoistisk å halda fram med å skriva so mykje vest-telemål som han bruka i dei fyrste bøkene sine. Men du verdi kor fint det var å høyra når han tala det!

No veit me at medarbeidarane i NRK er nøydde til å bruka læreboknormalen i faste meldingar. Men utanom det burde dei ha dei same rettar for tradisjonelle former som Heradstveit tek seg for sitt blandingsmål. Han er no elles bortanfor alle reglar med målbruken sin.

Det som kanskje kunde hjelpa no, og som i minsto kunde vera verdt ein freistnad, var om me, kvar for seg, lydde vel på målbruken i NRK ei tid og sende merknader beinveges til dei det galdt. Då burde me senda nokre rosande ord til dei som tala godt norsk, og nemna serleg det me tykte vél om. Og på den andre sida skulde dei få høyra det, dei som slurva, eller med vilje braut ned nynorsken. Me skulde nemna det som var åfått, og serleg det som var unorsk av ord og seiemåtar, og det som burde vore sagt i staden. Då bør me og nemna dag og klokkeslett for sendingi og den som bar ordi fram.

Når det gjeld dei faste sendingane, lyt me halda oss til læreboknormalen med våre krav og ynske. Og det er rikeleg av bròt å finna hjå dei som sprengjer normalen i bokmålsleid. Til eit døme har me landsnamnet **Norge,** som er heilt utanfor godkjend nynorsk, og **mandag, tirsdag** og **lørdag.** For dei frie sendingane kan me peika på ord og seiemåtar som høver klent i nynorsk, endå om dei er tillatne; men me skal heller ikkje gløyma å rosa det som er godt.

Det gjeld om at medarbeidarane i NRK får mange merknader, og frå ymse kantar av landet. Og send gjerne merknadene til eit blad som vil ta dei inn. Slik gjer dei det på Island og Færøyane.

Denne oppmodingi gjeld ikkje berre dei som er med i Måldyrkingslaget. Men me skulde lika å få ein kopi av det som vert innsendt.

Halsnøy Kloster, 8. mai 1988.

Sigurd Sandvik

Haltande grunngjeving

Etter uppmoding frå Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur vedtok fagnemndi i Språkrådet (bokmålsgreini) atter å jamstella formene **slukke/slukne** i bokmål. Slukke/slukne hev til no vore sideformer saman med **sløkke** attåt hovudformene **slokke/-slokne.** Same møtet røysta ned eit dusin andre framlegg i liknande leid frå dei same samskipnadene. Røystetalet var 3 mot 1 (Gag Gundersen, Egil Pettersen, Aslaug Ryen mot Tor Guttu).

Grunngjevingi for skrivemåten slukke/slukne er morosam. Det vart hevda at u-skrivemåten høver til **trong o-uttale** som skal vera «svært utbredt i dialektene». Etter same logikk burde dei vel gjera t.d. **bru, bu, tru** til eineformer i bokmål no? Og burde ikkje **skule** jamstellast i bokmål? Sidan lovheimelen er den same for båe språkrådsgreinene, burde det vera på tide at me i nynorsk etter same logikken atter fær jamstelt tradisjonell **u** i ei mengd ord, som m.a. **sume, sumar, um, upp.** Men påskot er ein ting, røynlege grunnar noko anna.

102 færøyske bøker

«Hugurin at geva út bøkur er framvegis stórur i Føroyum», les me i eit færøysk blad. I 1987 kom det ut 102 færøyske bøker; det er litt mindre enn i 1986, då det kom ut 113 bøker.

Godt helvti av bøkene var for unge lesarar; 44 barnebøker og 13 skulebøker. 35 av barnebøkene var umsette, resten hadde færøysk upphavsmål. 9 av dei 13 skulebøkene var skrivne på færøysk upphavsmål.

Talet på færøysk forlag er stort, men dei fleste forlagi er små, mange gjev ut berre ei bok i året. Største forlagi er Føroya Lærarafelag og Føroya Skúlabókagrunnur; fyrstnemnde forlag gjev dessutan ut blad og steller med ein barnebokring.

I statsbudsjettet for 1988 er avsett 6 millionar kronor til utgjeving og utbreiding av færøyske barne- og skulebøker.

Vestmannen.

kjem ikkje i juli. I feriemånaden er det som i tidlegare år ikkje blad. Me kjem att 20. august.

God sumar!

Å vera sau

Å vera sau
berre lata
allting henda

berre brækja

berre tilra
med rova
og lira av seg
desse redde kulone

Gunnar Gilberg

Rekordutgjeving på Bokreidingslaget

Lehmann med nytt ordboksverk

Formannen i styret for Norsk Bokreidingslag, *Jon Askeland,* kann fortelja at 1988 ser ut til å verta eit toppår for bokutgjevingi på Bokreidingslaget. Alt tidleg på året kom festskriftet til *Ludvig Jerdal,* ei kulturhistorisk viktug bok med biografiske tilskot av *Conrad Clausen, Eigil Lehmann* og *Bjørn Johanson,* og med utvalde artiklar og epistlar av Jerdal. Andre forvitnelege bøker vert å finna på boklista 1988 frå Norsk Bokreidingslag:

Eigil Lehmann kjem med ei gresk-norsk ordbok til Det nye testamentet, eit stort ordboksverk på 500-600 sidor. Lehmann hev tidlegare gjeve ut ei ordbok til Det nye testamente, men dette er ei utvida og umarbeidd ny-utgåve der dei greske grunnordi er uppførde. I 1987 kom den færøysk-norske ordboki til Eigil Lehmann, eit norsk nybrotsarbeid som hev fenge stor ros av sakkunnige.

Ei ny bok av **Halldor O. Opedal** kjem i serien **Makter og menneske, folkeminne ifrå Hardanger.** Dette er band nr. 17, siste bandet i denne bokrekkja som ikkje vart ferdigprenta medan folkeminnesamlaren Opedal levde. Opedal-bøkene er hyrnesteinar i norsk folkeminnegransking. **Alv Askeland** sender ut ei samling salmar, eigne og umsette. Dette vert nok ei samling mange opnar med gleda; so vidt kjent er det fyrste boki til Askeland, men i skrifter og blad hev han gjort seg kjend for kræsen målsans. Salmar kjem det òg frå **Sigurd Sandvik.** Han gjev ut Grundtvigsalmar, umsette til norsk, eit umsetjingsarbeid påvyrdt med tilskot frå Høgskulefondet. I boki kjem det òg noko um bakgrunnen for salmane, so det vert både ei salmeumsetjing og ei bok um Grundtvig. **Ingebjørg Sandstaa Sandvin** hev skrive ei ny bok, «Mormor fortel um tvillingane», og tittelen gjev oss straks ein peikepinn um innhaldet. Det er ei sann skildring frå ei tid som ligg 2-3 tiår bak oss. Ingebjørg Sandstaa Sandvin hev tidlegare nådd fram til mange lesarar med sine sjølvupplevde, jordnære og humoristiske bøker, og «Mormor fortel um tvillingane» held seg i same velprøvde faret.

På den diktarlege teigen er det ventande ei bok av **Jostein Krokvik.** Det er ei bok for unge lesarar. Jenta som er hovudperson i boki, er i yvergangen frå barn til ungdom. Ho råkar ut i hendingar som skakar sume tilvande tankar. Boktittelen er «Rømlings fotefar».

Mislukka bokmålsframstøytar

Bokmålskrossfararar hev gong på gong freista trengja nynorsken attende i skulen i nedre Gudbrandsdalen. Våren 1988 var det ny pågang, denne gongen i Svatsum krins i Gausdal. Nynorsken sigra med 147 røystar mot 98 for bokmål. Dette er tridje freistnaden på målbyte etter denne krinsen fekk nynorsk fyre krigen. I Gausdal er det 3 krinsar med nynorsk, 4 med bokmål.

I Sauherad i Telemark hev det vore målrøysting i Sund og Hjuksebø krinsar. I Sund hev det vore nynorsk på dei 3 fyrste klassestegi, i Hjuksabø bokmål. Dei 3 øvste klassetegi gjeng samla på Hjuksabø, og her hev det vore nynorsk. Etter røystingi skulde skipnaden verta den same heretter.

Gamle motsetnader

Hvad der gjennem målstriden har åbenbart sig som underlag for dagens reaktion, er den gamle kløft og de gamle motsætninger.

Den gamle antagonisme lever endnu. Mer eller mindre stærk, mer eller mindre bevidst. Men stærkere og i større udstrækning end de fleste nu havde tænkt sig.

Det er magtstrid. Ved at holde sit sprogs herredømme oppe, vil den nationalitet som tabte politisk, herske videre. Den véd, ud af et instinkt, at så længe dens sprog er den eneste vei til kultur og magt, så er det endnu den, som er herre i landet.

Arne Garborg i «Vor nationale situation», år 1900.

Festskriftet til Ludvig Jerdal

Nedskrivaren av denne meldingi var lærar i Feda, 11 km. frå Flekkefjord, stutt etter siste krig. For oss vestlendingar var dei to krinsane eg arbeidde i, sjølve eventyret. Feda var reine idyllen. Folk var så blide og vensame og mælet deira så mjukt og hugnadsamt. Det kunne nærma seg dansk i klangen, men hadde så mange gode norske ord. - Me hadde ikkje flatane frå Jæren, men høge fjell. Og det var ikkje den tunge barskogen frå Austlandet, men lauvskog og bartre i fargerik skifting. Rett nok var landslaget kupert og ferdavegane i høgdene avgrensa. Vinteren kunne vera hard. Men lufti var frisk, og blomeviddene på Feda anga lang veg sumars dag. Den vesle, koselege byen Flekkefjord vitja me ofte.

På den andre sida av fjell-laget strekte den fagre Kvinesdalen seg flat og fin kilometer etter kilometer til det bar opp mot høgdene. Liknes, hovudsætet i bygdi, var og ein herleg stad.

I denne ovvene bygdi med store heiar og vidder, men små jordbruksgardar, voks 80-års-jubilanten Ludvig Jerdal opp. Her fekk han sin kjærleik til landet og det store utsyn og innsyn over hav og fjell. Her kom han med i ungdomsarbeid, og her tamde han opp skrivedugleiken. Ikkje alle var frilynde - i ekte meining - her heller; men Jerdal lærde seg opp til å tola både hogg og sure andlet.

Me som kjenner Jerdal, tykkjer at me har møtt mannen i hans yrke i aldri så mange år. Men festskriftet seier at han kom ikkje til Bergen og «Gula Tidend» før i 1936. Og då vart han med ein gong med i ein heil flokk oppgåvor for ungdomen. I «Gula» stod skjemtearticlar av «Sir Luje,» dei morosamaste og mest råkande sidan Anton Beinset (Per Skrull) si tid. Då «Gula» gjekk inn den 9. april 1940, heldt Jerdal fram med teigen sin i «For Bygd og By,» Noregs beste vekeblad den gongen. Men det kosta hardt strev å vera lentug i dei åri, og sårmod og sarkasme tok overhand. Nazistane vart merksame på spitet, og Jerdal fekk skriveforbod - stutt tid før han vart fengsla for ulovleg organisasjonsarbeid og send til Tyskland. At han kom levande att utan å vera kroppsleg og åndeleg knekt, syner mannen sin styrke.

Ei onnor eldsjel i norsk reising, Conrad Clausen, hev skrive den fyrste artikkelen i festskriftet og teke fram alle dei lag og samskipnader Jerdal har verka i, og oppgåvor som han har vore med på å løysa. Betre kan det vel ikkje seiast. Presten og filologen Eigil Lehmann og bladmannen Bjørn Johanson har andre heiders-stykke. Sidan kjem det einaste rette når det gjeld ein målhovding og blad- og bokmann: Heidersgjesten får ordet sjølv. Og her hev venen Conrad Clausen gjort eit godt utval. Kanskje hadde me venta utdrag ordna kronologisk dei stader der det ikkje er skipa etter emne. Emnebladi syner til stykke i bladet «Dagen,» der Jerdal arbeidde si meste tid. Der finn me artiklane om Grundtvig og folkehøgskulane, opphavet til dei frilynde ungdomslagi som steig så sterkt fram, serleg i tidi kring hundreårsskiftet. Der finn me og om tidi i tyske tukthus, der Jerdal verkeleg greier å frigjera seg frå maredraumane og sjå attende på lange og vonde månader og år i sårmod og avklåra ro. Og her finn me frå seinare år dei gilde artiklane om Islands-ferder. Elles har me framifrå artiklar om kjende menn og kvinnor og om vanlege folk som i sitt yrke hev gjort store verk.

Dikt har han også skrive, så det er ikkje underleg at det ligg poesi mellom linone i mykje, mykje av dette. Når ein attåt nemner at Jerdal, i motsetnad til dei fleste av oss andre, meistrar båe norske mål like godt, vil eg slutta dette med å tilråda boki på det beste. Ho har gjeve meg mykje, og bør vera eit mønster på korleis heiders- og minnestykke kan leggjast til rettes.

Sverre Hausberg

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpenger kr. 100,- for året.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland,

5065 Blomsterdalen.

Postgiro: 4 25 63 92,
Bankgiro: 8401.21.43027

Lysingar:
Alf R. Lygre,
Gjøasvei 42, 5032 Minde
Telefon (05) 28 76 19

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070) 21 429

Forretningsførar:
Helge Liland,
5065 Blomsterdalen,
Telefon (05) 22 67 00

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05) 31 79 29/31 31 16.

Sats/trykk:
Sigurd Olsen Boktrykkeri, Bergen

Målet i NRK

Vestmannen høyrer ikkje til dei som klagar på målførebruk i NRK. Snarare meiner me at dialektane er ei uppriktigskjelde for målet i radio og fjernsyn. Ikkje minst er sume nordnorske innslag rosverdige. Men rein dialektbruk hev sine grensor, og eit grenseskil finst ved formfaste innslag som mykje godt vert upplesne, t.d. i hallo-, dagsnytt- og meldingstenesta. Der trengst det eit minstemål med normalisering, og det er knapt urimeleg å venta at medarbeidarane evnar halda seg nokolunde innanfor dei romslege avbrigdi til ei standardform, ordet standardform her teke i vid tyding.

Dei bokmålsbrukande medarbeidarane evnar dette, um dei vil. Trur me. Men det må falla i øyro at **sume** - dette byggjer serleg på fjernsynet - skyr jamvel veik bruk av folkelege norske former i målet, innslag som er fullt tillatne. I nord, sud, aust og vest i landet brukar dei fleste **a-verb, serskild hokjønnsending og diftongar.** Men i NRK er diskrimineringi av nett desse formene tydeleg hjå sume. Kor ofte og kor mange av bokmålsmedarbeidarane brukar norske former som **bru, bu, tru, fjøl, mjøl, mjølk, heim osb?** Derimot hender det me høyrer rengde former av norske stadnamn. Endåtil «Vinstervann» hev me høyrt um eit vatn i Gudbrandsdalen.

Men det er helst dei nynorske medarbeidatane me tenkjer på. Kva for standardmål nyttar **dei?** Ikkje alle skal setjast på same bås, korkje av nynorskbrukarar eller bokmålsbrukarar i NRK, men i april/mai vart det uppskrivne nokre døme som ser ut til å gå att millom sume nynorskmedarbeidarar, nokre frå radio, nokre frå fjernsyn. Alle dømi bryt med elementære målreglar: **bud, anbud, forbud, tilbud, onde, løfte (=lovnad), bolig, vann-(=vass-). Norge, bedriften, lede(lse), bevege(lse), oppriktighet, oppmerksomhet, resultater, eplene, setene, fortsatt, brudd, skudd, innflydelse.**

Vankunna eller - ?

Det finst målrettarar i NRK, konsulentar kalla, rett nok med eit burtgøymt tilvære for han som visst skal stella med nynorsk. Fær kvar medarbeidar driva sitt private målspel?

Det var grunn til å koma inn på det skeive samhøvet millom bokmål og nynorskk i NRK. Me tek ikkje dette upp her, same um bokmålsslagsida vedvarande er stor nok til at tanken på vilja verk ligg nær. Diskriminering er ikkje bra, visst ikkje etter reknemåten til NRK heller. Men kanskje gjeld det ikkje all diskriminering?

Vestmannen styd uppmodingi i dette bladet frå formannen i Norsk Måldyrkingslag um å senda merknader til rang eller ring målføring i NRK - beinveges til NRK og til blad som vil prenta innleggi. Eit lite ord er kanskje det som trengst når målet skurrar for sterkt. Men måltalande ved mikrofonen hev det vel ikkje alltid like lett. Etter eit par mannsaldrars medvitne offentlege sundriving av målet, og med forsømd og vanrøkta norskupplæring på kjøpet, kann det vera vride for nokon kvar å halda greide på vaklande ordlisteformer.

Festspeldiktaren Olav H. Hauge

Olav H. Hauge

Bergen hev havt Festspel, og millom dei mange kunstnarlege høgdepunkti i Festspeldagane var festtilskipingane med Festspeldiktaren Olav H. Hauge.

Hardingen Olav Håkonsson Hauge hev mange serkjenne. Her skal eg taka fram berre tri av dei: 1) Han er ein stor lyrikar, ein av våre største. 2) Han er ein smålåten mann. 3) Han er ein stor måldyrkar, og han ottast aldri for å segja til kven som helst at han held seg til 1917-rettskrivingi, og let læreboknormal vera læreboknormal.

No då han stod og las sine eigne malmfulle og fasthogde kvæde på teatret i Bergen, kom han med lentuge merknader. No skal eg lesa eit dikt som stod i den fyrste diktsamlingi mi, sa Hauge. Det er svært gamaldags, med rim og greidor, men eg hev aldri retta på det diktet. Kjem ikkje til å gjera det heller.

I mange år hev det undra meg mykje at Hauge slapp fri frå den kritikken som sokalla «moderne målmenn» auser yver folk som er «gamle» og som skriv «arkaisk» mål og soleis ikkje «fylgjer med tidi». Eg hev aldri set eller høyrt eit einaste kritisk ymt um at denne storskalden i Hardanger er «umoderne», at han skriv gamalt mål, og er måldyrkar i ei tid då so mange andre skrivande folk er med på uppløysingi av det norske målet, i staden for å dyrka det.

Når Olav H. Hauge hev gjenge fri åtak frå nystavarar, so må det koma av at han er so stór at dei hev skyna at det ikkje vilde nytta å gjera åtak på honom.

For Olav H. Hauge er **giganten.**

Ludv. Jerdal

Kultursoga til Ivar Kleiva

Frå Ivar Kleiva fekk me denne rettingi:

I Vestmannen nr. 4 har Ludv. Jerdal skrive ein notis: «Ivar Kleiva 85 år». Eg takkar for godviljen og æra.

Diverre er det upplyst at eg har skrive «Kultursoga for Hafslo». Det har eg **ikkje gjort,** men eg har skrive ei kultursoga for heimbygda mi: **Nordal, Sunnmøre.**

Med venleg helsing
Ivar Kleiva

Noregs eldste kongsgard må få sin minnepark

No er det historiske umrådet truga av ei ny veglina

Vestmannalaget hev halde ei stemna i hagen ved Årstad skole i Bergen der Noregs fyrste historisk kjende kongsgard låg, og frå stemna vart sendt denne fyreteljingi til Bergen formannskap, Universitetet i Bergen, Hordaland fylke, Kyrkje- og Undervisningsdepartementet og Miljøverndepartementet (med kopi til Riksantikvaren):

«Vestmannalaget og Bergens Historiske Forening samla til sogestemna på Årstad skole sundag 8. mai 1988 vil minna um at Ålreksstad kongsgard låg her.

Ålreksstad kongsgard, med historisk tradisjon meir enn tusund år attende, - eit kultursenter frå vår fyrste litterære gullalder, - og upphav til at byen Bjørgvin, på kong Olav Kyrres initiativ, vart grunnlagt og etter kvart bygd upp til den største sjøfartsbyen i det gamle Noregsveldet, - denne ærerike staden som i mange generasjonar var heimstad for mange av kongane våre fyre unionstidene,- denne kongsgarden ligg no upåakta og vanstelt, og truga av byråkratiske reguleringsinngrep.

Me bed um at styresmaktene våre no gjer ålvor av å verna den ærverdige Ålreksstad kongsgard og snarast råd er få bygt ein historisk park på umrådet - i samsvar med professor Haakon Shetteligs plan frå 1927.»

På minnestemna tala forfattaren Conrad Clausen um den historiske tradisjonen som er knytt til Ålreksstadir, han tok fram minne um kongar som rådde her, og kom og inn på at vår litterære tradisjon vart skapt her, i Eddaskaldane si tid.

Dertil kom professor Eirik Sundvor med gamle tamburslåttar på trumba, og spelemannen Finn Vabø gav fine slåttar på hardingfela. Forfattaren Ivar Kleiva kunde slå fast eit fenomen på Ålreksstad: Her er ein uvanleg god akustikk. Og presten Eigil Lehmann hadde i prosa og poesi hylla vår gamle stortid, i eit handskrive blad som vart lese av formannen i Vestmannalaget.

Eit nytt møte er seinare skipa av folk som bur i umrådet. Der tala Conrad Clausen, Ludv. Jerdal og Jørund Straand.

Frå «Tuftekallet» gjev «Vestmannen» i dag att det som Eigil Lehmann hadde skrive til stemna som Vestmannalaget heldt no 8. mai.

Her ser eg Haralds gard

Til Tuftekallen som kom til stemna som Vestmannalaget heldt på Ålreksstadir i Bjørgvin no i sumar hadde Eigil Lehmann skrive dette:

Godt folk!

Når eg kallar meg «tuftekall» so gjerer eg meg i røyndi noko meir ufårleg enn eg er: **eg er** fortidi og soga, og ho er ikkje å skjemta med. Tenkja at ho var og ikkje er no, det er sjølvdåring. Gløyma, det er sjølvdåring. Alt som **var** er med i det som **er,** i det som er **kring** oss og **i** oss, det som er **verdi** og **livet** og det som er **oss sjølve,** det **liver** i oss anten me veit det eller ikkje. Men det er visare å vita det enn å ikkje vita det, tenlegare å kjenna det enn å ikkje kjenna det. Og betre å koma til liks med det enn å visa det frå seg. «Lat oss ikkje forfederne gløyma, under alt som me venda og snu, for dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil tru». «Lær deg sjølv å kjenna» sa dei greske filosofarne. Men alt dette er noko av deg sjølv, du er ikkje heil utan du veit det og kjennest ved det.

Her på desse gamle vollarne vert me minte um dette, og gjerer vel i å lata oss minna på det. Ingen er rett nordmann utan han er tusund år gamal, utan han **kjenner** seg eitt med desse tusund år som han **er** eitt med, viljande eller uviljande. Og endå er dette mildt i-teke. Dei tusund år er år med sogeminne, men berre ein ørliten snipp av alt som ligg her fyre oss.

Elles kann det vel segjast um oss nordmenn at me liver i eit tilhøve til soga vår som godt kann namnkjennast som «kjærleiks-hat». Me vil gjerne hava soga vår å pryda oss med, men me vil ikkje sleppa henne for langt innpå oss. Ikkje slik at ho dømer oss og set oss i eit ugodt ljos. Som her i byen, her er fullt av minne i stein og reidskap, men ordi som desse gamle tala med, dei slepper me ikkje til. Ser du til dømes ei einaste gamalnorsk innskrift på Bryggjemuseet som er sett upp med vanleg skrift? Eller Bergens bylov frå 1300-talet, på glimrande elegant gamalnorsk. Ein skulde venta at ho var hengd upp på veggen i rådstova, men takk heller! Enn det å læra borni våre å lesa dei gamle sogorne våre på originalmålet? Å nei, mykje heller engelsk!

Lenger sør i landet hev folk ein teig dei kallar «folk er løgne». Me kunde godt vidka det ut til «me nordmenn er løgne». For den som sagar av den greini han sjølv sit på, han er løgjen han!

Her ser eg Haralds gard fyre augom
lenge hev eg lengta å lydast til honom
lognt i livd millom fjell og fjøra
inst inne på Ålrekstodom.

Inkje att er av hus og hagar
skålen sigen og smidja kolna
ruster runde og stigar sletta
gard broten og grindar burte

Ingen høyrer du hersvein kalla
ingen dørvord um stova gjæta
inkje stemner det stor-og småfe
heim i trod ifrå hamnehagom.

Enn so liggja dei likt i lendet
same bakkarne, same gjerdi
same fljoti av fjøllom falne
same fjørorne, same strondi

Enn so segja dei gamle merki
minnessterkt gjenom år og ævor
-ætter komande, ætter farne -
uavgløymande sogor sanne

Her heimta han stød og sæte
fyrste nordmanna tegn og drottin
han som fyrst lét i heimen høyra
heidersnemningi Noregs rike

Ettersidan er elleve hundrad
år um landet vårt longo lagde
lukkedagar og ulånstider
vêr og uvêr i harde skifte.

Enn då eiga me arvlut inne
norrøne menn i Noreg alle:
skyldugskap til i Haralds minne
nordmanna namn i hevd å halda.

Helsing frå gamle grannen dykkar
Tuftekallen

Vestmennene og målreisingi

Av Ludv. Jerdal
formann i Vestmannalaget

I «Vestmannen» hev det vore eit par innlegg um namnet «Vestmannen» på bladet vårt. Og bladstyraren kan melda at han hev fenge brev med framlegg um byte av bladnamn. Eitt av dei framleggi stend i dette numret, og det er den trauste målmannen Knut Rysstad i Kristiansand som skriv. Tidlegare hev ein annan god ven av «Vestmannen», Toralv Bergwitz i Arendal, teke til ords for eit namnebyte.

Stjorni i Vestmannalaget hev nyleg teke ei grundig dryfting av desse framleggi. Me fann at det var skyldnaden vår å vurdera dei argumenti som var komne. Og i stjorni var det semja um at «Vestmannen» er eit godt bladnamn. Me kom til at kritikken yver namnet truleg må byggja på ei mistyding. Det var sagt at bladet er talsmann for målfolk i heile landet, og det ser ut til at sume meiner at namnet peikar på **Vestlandet** - og berre Vestlandet.

Den tolkingi er ikkje rett. «Vestmennene» er eit umgrip i den norske målstriden. Då ein frisk og ung og arbeidsglad flokk i Bergen skipa Vestmannalaget i 1868, so tenkte dei slett ikkje på laget som eit lag for Vestlandet berre. Ja, dei tenkte ikkje «geografisk» i det heile. Dei vilde «sjå mot vest», i fyrste rekkja til dei gamle norrøne landi Island og Færøyane. Der livde det gamle norrøne målet framleis, der var røtene friske. Vestmannalaget var ikkje eit geografisk namn, det var **ideologisk.** Vestmennene vil halda uppe det beste av norskt mål, det som islendingar og færøyingar hev dyrka og odla, frå gamalnorsk og fram til våre dagar.

I dei fyrste åri melde nye mållag mange stader i landet seg med i Vestmannalaget. Mållag i Lom, i Gausdal, i Vefsn, på Jæren, i Kinsarvik og i Asker var med. Og i 1873 hadde Vestmannalaget yver 30 lagsmenner på Island. Det var ideologien som samla, **namnet** var ingi hindring.

Bladnamnet «Vestmannen» er i pakt med dette synet på norsk målreising. Det ber i seg ein ideologi og eit program.

Rasmus Steinsvik valde namnet på det bladet han skipa i Volda i 1887. «Vignetten» på bladet vårt er den same som Steinsvik fekk laga til sitt blad. Og Steinsvik såg lenger enn til Vestlandet.

Eit namnebyte på eit blad er ein heil prosess, nye «Vestmannen» hev i sine 4 fyrste år vunne seg mange vener. Mange av dei vil ikkje verta glade dersom me no byter namn. Og stjorni i Vestmannalaget hev samrøystes sagt at namnet ikkje bør bytast. Me vonar med det som her er sagt at me hev yvertydd folk um at me gjev ut eit blad for heile landet, ikkje berre for Vestlandet.

Samstundes takkar me for godord og gåvor. Bladet vårt er liv lage, det hev ei stor uppgåva: Det brukar klassisk norsk - i ei uppløysingstid for norskt mål.

Vêrprat

Tvi vøre! Snjø og vind i dagasvis, fenner og attdrivne vegar. Nysnjø og drevsnjø la seg i baret, og skogen såg heilt raggut ut. - Raggut som ei geit, tenkte han, jordi er ei gamal daud geit som eg høgg ragget av og kjenner meg svært til kar av den grunn.- Han kom vabbande i laussnjøen etter hestevegen der skogen vart gistnare. Det hadde ljosna noko, dalopningen låg framleis grå under honom, åsane på kvar kant steig upp i skodde og snjøkavar, skylag låg på skylag uppyver og utyver frå all verdi, men langt i sud hadde det opna seg eit vidt spuns med blått og i spunset leika solstrålone, det glima og skein, sume skyfillor kring spunset var tunne og gjenomskinelege og gule, andre var tyngre og skifta i leter frå raudt til fiolett og myrkeblått.

Han stogga og vart standande einstire inn i denne vedunderlege heimen. Eit kvast vindkast kom i det same og snjøen fauk or ein grantopp og dansa i kåte byks burtetter dei gullgule skyene og inn i skire blåe himmelkvelven. Slik såg det ut frå der han stod. Han bidde spent på eit nytt kast, og då det kom, såg han det grant at den harde blenkjande drevsnjøen or grantoppane rann og kvervla radt inn i himmelen. Han laut smile. - Er du der Gud, gaula han, er det fælt til hardvêr uppe hjå deg òg, driv vegane atte og hengjer fennene seg ut frå stovetaket ditt?

- Ålvorlegt stod han eit bel og lydde, vind og nokre spede fuglelåtar, elles ingen ljod, og etter kvart lét himmelspunset seg atte og alt vart grått, men han kjende det hadde vore eit godt møte.

Arne Horge

Lovbrot på 1600-talet

Tingboki for Finnmark for åri 1620-1933 høyrer til dei eldste tingbøker som finst att, og tingboki kom i prenta utgåva i fjor, truleg til gleda for mange sogeinteresserte. I tidsskriftet Heimen nr. 4/1987 analyserte Hilde Sandvik sakene som var uppe på tinget i Finnmark i det nemnde tidsromet, og ho kjem til forvitnelege slutningar. Det hev tidlegare vorte hevda at villskap og råskap sermerkte det norske folket på 1600-talet; m.a. held Hans Eyvind Næss sterkt fram eit slikt syn i «Trolldomsprosessene i Norge på 1500-1600-talet» der han forklårar strengare straffelovgjeving med grov lovløysa på lokalplanet.

Hilde Sandvik kjem til motsett resultat. Ho jamfører med sakefallslistone (bøtene), og jamvel um slagsmålsprosenten ligg på 44%, er storparten av dette heller skuldlause ting som lugging og øyrefikar. Grovare vald finst det lite av. Derimot er talet på legemålssaker stort (ekteskapleg samliv før ekteskapet - 22%), noko Hilde Sandvik vanskeleg kann finna er rimelege døme på brutalisering av folkelivet. Ho spør um ein ikkje like gjerne kann tala um brutale lover som skapa auka «kriminalitet» på 1660-talet. Mindre vidfemnande arbeid frå 1600-talet andre stader peikar i same leid, og i teorien let det seg godt gjera å få so vanhøvelege lover at dei kriminaliserer eit heilt folk.

Kriminalstatistikken frå 1600-talet må difor lesast med stor varsemd. Og kanskje ikkje berre frå 1600-talet? **Jarl**

Bladet Noreg

Det er ei stund sidan me såg bladet Noreg no, men me høyrer at det er ventande eit nummer til sumaren. Bladet kom med sitt fyrste nummer til 17. mai 1961, og det er no inne i 27. årgangen. Hallvard Bergwitz hev stelt med bladet i alle desse åri.

Er det lov å vera nordmann?

Av Toralv Bergwitz

På årsmøtet i BUL i Oslo 1988 kom det upp framlegg um å skifta nemningi *formann* med *leiar*. Saki vart utsett, og Toralv Bergwitz hev skrive ein artikkel til lagsbladet i BUL, som me gjev att, litt avstytt.

Det hev vore so populært å skifte ut **formannen** med ein **leidar** eller **leder** i so mange lag og samskipnader no til dags.

At **LEIDAREN** er like mykje hankjønnsord som **formannen,** tykkjest ikkje støyte nokon. Det er ordlekken **mann** som det skal vera kvinnediskriminering innebygd i.

At upphavet til denne ideologien ligg i kvinnesaksrørsla, burde vel vera kjent for dei fleste. Og kvinnesak eller likestillingssak fortener all sympati og studnad.

Kvinnesaki tok til å ulme under den industrielle revolusjonen då kvinner og born fekk løna arbeid i industrien. Kvinnene fekk frå fysst av berre halv løn, for det var berre attåtnæring til familien.

Dette valda etter kvart problem både for kar og kvinne. For mannen som såg arbeidsplassen truga, og for kvinna som laut arbeida for lågare løn.

Trass i at det i røyndi var sams interessur for kar og kvende i lønskampen, so var det ein lang og beisk strid for kvinna å koma på høgd med karfolket på lønsskalaen.

Det var fysst i 1966 at det tok til å opna seg ein utveg for kvinna til å koma på same lønsstigen som ektemaken. Det var dette året dei fekk avskipa lærarinnetitelen. Då fekk alle som hadde undervisning i skulen status som lærar. Dermed fekk dei og same løn for likt arbeid. Ein stor siger. Og at titelen i røyndi er eit hankjønnsord, det tykkjest ikkje vera nokon æremink, snarare tvert um.

Denne framstøyten førde ikkje til nokon språkleg revolusjon. Hankjønnsord fekk lov til å vera hankjønnsord som fyrr. Men vinsten ved å nytte språket i lønskampen gav meirsmak.

Pleierske, arbeiderske, ekspeditrise, sufløse og andre umbodsnemningar for kvinner gjekk ein stille og roleg død i møte. Att stod me då med berre hankjønnsnemningar.

No skulde me vel tru at sigeren var fullkomen. Kvinna hadde nådd den jamstilling som ho søkte - både i titel og løn.

Men det var ikkje nok.

I 1972 vart den sokalla kvinnefronten skipa. Og 1974 - då Ebba Lodden vart den fysste kvinnelege fylkesmannen—heisa Dagbladet fana med stridsropet «Bort med mannen».

Fylkesmannstitelen fekk dei ikkje gjort ende på, og det tykkjest vera likt til at Signe Marie Stray Ryssdal trivst like godt i embetet som sin fyregjengar.

Men Kvinnefronten - eller det var Dagbladet - eller det var andre som fekk igang ei rørsle - eller skal me kalle det ei røre - mot - ikkje berre «mannen», men mot alle hankjønnsordi i tungemålet.

Hankjønnsordi skulde ikkje lenger få lov til å vera hankjønnsord. Me fekk inn i det norske tungemålet noko som me vel lyt kalle TVIKJØNN.

Desse språkreformatorane må ha augna ein fåre i alle desse hankjønnsnemnigane. Me kunde kann hende gløyme at me er tvo kjønn av arten. For at det ikkje skulde hende, so fekk me ein ny språkleg regel. Den regelen segjer at når me talar um eit menneskje som hev eit umbod - og det hev alle -t.d. ein lærar, so er det ikkje lenger rett å nemne han som ein HAN, for det er ikkje sikkert at det er ein HAN. Det kann hende at det er ei HO. Difor er læraren no HO skråstrek HAN - i alle tenkjelege skriftlege samanhengar. Og i talen må me aldri gløyme å røkje etter um det er ei kvinne i den umbodspersonen som me umtalar, for då skal han nemnast HO. Soleis må Statsministeren no alltid nemnast HO. Spør du t.d. um å få tala med statsministeren, kann du få svaret: Nei HO er ute på reis. Sameleis med hunden. Spør du um hunden er ute eller inne, so kann du få svaret: HO er ute.

Å vera kjønnsnøytral tyder soleis å fokusere på kjønnet. M.a.o. aldri gløyme kjønnet til det individ som ligg attum ei nemning eller eit umbod.

Som um dette heller ikkje var nok, so fekk me nemningar som *tillitskvinne, forkvinne, varakvinne, talskvinne, målskvinne o.d.*

Dette vart i meste laget av «kjønnsnøytralitet», so me ser at t.d. Gro trivst godt med å vera *formann.* Sameleis gjer den nyvalde kvinnelege formannen på det vidgjetne Geilomøtet i år. Eg er nordmann og er er formann. For meg er desse nemningane kjønnsnøytrale, svara den kvinnelege formannen på spursmålet um kjønnsnøytral nemning.

Det må vera ein tankekross at dei som streid for få retten til å nytte hankjønnsnemlingar — og fekk gjenom sine ynskjemål i det fallet — dei kjem seinare og krev nye nemningar som fokuserar på kvinnekjønnet.

Var det kjønnsnøytrale nemningar som var fyremålet?

Som me ser so kjem me i eit vanskelegt dilemma i denne kjønnsnøytraliseringsprosessen. Me er på eit vis komne attende til utgangspunktet — til dei kvinnediskriminerande kvinnetitlane. Ikkje kvinnediskriminerande, nei. No er det kvinnetitlar av eit anna slag. Det er ikkje lenger tale um skurekone eller arbeiderske. No gjeld det umbod som gjev prestisje og heider. Og då er det viktig å framheve kvinnekjønnet.

Forkvinne og *stortingskvinne.* Her kan me ikkje setje vårt ljos under ei skjeppe! Få endeleg fram at det er ei kvinne som sit ved roret.

Er det ikkje noko krampaktig fokusering på kvinnekjønnet me er vitne til med desse nye titlane?

Som me stendig både ser og høyrer, so er det heile tidi tale um «kjønnsnøytralitet».

Sume tek denne ideologien på ålvor, og hev funne eit ord som høver til bruket. Merkeordet er «FOLK». «FOLK» er eit inkjekjønnsord, so då må me vel ha funne eit rettelegt kjønnslaust ord, skulde me tru. Då kann me kutte ut både *tillitsmannen* og *tillitskvinna.* For no skal det heite *tillitsfolk, varafolk, forfolk og nordfolk.*

Og når me skal telje desse FOLKI, so vert det: ein FOLK, tvo FOLK, tri FOLK, eit hundre FOLK, fire millionar FOLK.

Det heiter t.d. fire varafolk, eller fem tillitsfolk, eller tjuge politifolk, so hotfor ikkje hundre FOLK, eller fire millionar NORDFOLK?

Og hot skal me setja i staden for FORMANNSKAPET? Det må verta FORFOLKSKAPET!

Dette underlege nye språket hev — som me ser — sitt utspring i den ideen at det finst eit einaste ord i det norske tungemålet som me må leggje all vår kløkt og umtankje i for å få radert ut, for dette ordet er heilt upplagt kvinnediskriminerande. Det gjeld ordet «MANN».

Ingen kann etter desse nye språkreglane kunne *manne seg upp* — i alle fall ikkje ei kvinne. Men det gjerer heller ikkje noko, for ho kann ikkje finne sin *overmann*. Det let seg ikkje lenger gjera å *overmanne* ei kvinne. Og um ei kvinne kann lære seg *sjømannskap* er eit stort spursmål. Eitt er i alle fall heilt sikkert — og det er at kvinneleg *mannskap* kjem heretter ikkje på tale — korkje på land eller sjø.

Derimot skal det ikkje verta vanskeleg å finne *mannevonde folk* dersom denne språkreformasjonen skal få breide seg.

Ein riksstyrar som me var so ulukkelege å hava i dansketidi — Gullberg var visst namnet — han sa m.a.: *Det gives ingen nordmænd mere; alle er borgere af den danske stat.*

Gullberg greidde ikkje — som me veit — å utrydje *nordmennene*. Men når nordmenn sjølve fær vera med, kann Noregs merkje lett hoggast ned.

Som me ser av det som er sagt her, so hev ordet MANN i uminnelege tider vore nytta til namn på menneskjet — ved sida av at det òg er nytta for hankjønnet av arten. Men det er fysst og fremst ordet KAR som hev vore nytta til å nemne hannkjønns-personen.

Det er neppe mange som hev høyrt tale um ein KØYREMANN. Det heiter — som me veit — KØYREKAR. Og kven er det som talar um ein KRAFTMANN? Ingen segjer noko anna enn KRAFTKAR. Svenskane talar mykje um KARAR.

I ordboki åt han Ivar Aasen er det òg nemnt både KVINNEMANN og KARMANN. Og det er ikkje lenge sidan det var heilt vanleg tale.

Det er heller ikkje berre i det norske tungemålet at ordet MANN er samnemning for menneskje. Det gjeld i alle germanske mål, og i ei rekkje andre mål. Um me leitar gjenom heile målsoga, so vil me ikkje finne eit einaste døme på at ordet MANN er nytta i kvinnediskriminerande tyding. Dei gamle umbodsmeningane er difor gode som gull. Me treng soleis ikkje skifte dei ut med desse språklege heimløysur som er komne so på moten i den seinare tid.

Lat oss taka vare på den arven me hev i tungemålet. Den arven er større enn mange vil tru.

Toralv Bergwitz.

Olaf Hanssen og blomane

Herbjørg Solberg i Lonevåg skriv til Vestmannen: «I Vestmannen nr. 2 1988 skriv Bjarne Rabben om Olaf Hanssen og blomane. Boki «Frå blomelivet» kom ut på Gula Tidend Forlag. I boksamlingi til Fitje skule, Osterøy, finst eit eksemplar av andre opplaget, auka utgåve, prenta i 1928. Vedlagt sender eg ein kopi av eit stykke frå boki, i fall det er interesse for å ta det inn i bladet».

Og nedanfor prentar me det sjarmerande stykket um blomen Veronika frå boki «Frå blomelivet» av Olaf Hanssen:

VERONIKA

(Veronica sp.)

Me hugsar frå bibelsoga vår, at når Jesus var nagla til krossen, so ropar han mot slutten: «Eg tyrster». Der stod eit kjer fyllt med edik. Dei tok ein svamp, let han suga edik til seg, sette honom på ein isop-stylk og heldt han upp til Jesu munn.

Då Jesus hadde svalt ediken gjekk der ei skjelteflaga gjenom kroppen hans. Sveiten kom fram og der kom tåror i augo for alt det vonde, som menneskja kunde gjera.

Men attmed foten av krossen stod der nokre kvinnor — gamle vener av Jesus. Millom dei ei som bar namnet Veronika. Då ho vart var tårorne og sveitedroparne, tøygde ho seg på tå, tok ein duk og turka burt tårorne, og sveiten. Ho fekk i takksemd det sisste augnekast frå Kristus, frå hans blide augo, og då ho skulde til sjå, var Kristi andlit med dei klåre, blide augo fest til sveiteduken. Kvar ho gjekk og kvar ho stod stråla dei blide augo ut frå duken, som seinare vart ein kostesam heilag leivning.

På marki attmed Kristi kross vaks ogso ein liten blom. Ei tåra frå honom på krossen fall ogso på blomen. Og segni segjer, at blomen frå den stund vart lik Jesu auga.

Veronica fekk sveiteduken til eiga, og gjekk ikring med Kristusbilætet, men mannaætti skal gjenom blomarne alle stader og til alle tider verta minna um den syrgjelege avferd frelsaren vår fekk. Det var den vesle blomen frå Golgata, som fekk denne fyreloga, og fekk soleis sitt namn etter kvinna Veronika. Han hev den reinaste blåe liten av alle blomar og er so væn, so væn. Lett å kjenna ved den klyfta stylkjen, som kvar hev blåe blometoppar. Krunorne — det blå Jesu-auga — lyser imot oss frå elvebardar, urdar og skoglider. Sameleis som Veronika hadde frelsarauga fyre seg, kvar ho gjekk, skal ogso menneskje hava det for augo alle stader. Burt etter dei turre bakkar og attmed skogsvegarne kryp lækjeveronikaen (Veronica officinalis) med sin ljosblåe blometopp. Ved strandi minner strand-veronikaen (Veronica longifolia) um det same. Millom steinarne i strenderne kring fjellvatni veks ein veronika, og i hagar og åkrar hev me aker-veronikaen (Veronica arvensis). I grefterne gror den tjukk-blada veronika (Veronica Beccabunga) med dei myrkblåe blomar.

Ei segn fortel, at ein hjuring med safti frå lækjeveronikaen vann lækja ein av dei megtugaste kongar i Frankrike. Han hadde søkt alle heimsens lækjarar for å verta frisk.

Radt til nyebilet hev planta vore nytta i medicinen.

Ei onnor segn segjer, at det var på vegen mot Golgata, at Veronika turka sveiten av frelsarandlitet og fekk det på sveiteduken. Ho valde veronikaen til sin gjævaste blom, då ingen annan var so lik Kristusauga.

Men korleis allting er: Den blåe krona lyser til oss frå alle stader i skog og mark og minner det auga som ser, og den heile, som vil hugsa, um Kristi blide frelsarauga, og tek feste i hugen vår som ingen annan.

Astrup, Kinck og Jølster

Frå ein bygdefest for Astrup på Vassenden Hotel i 1925. Bak frå vinstre: Eivind Fossheim, Daniel Viken, Kristian Eikås. I midten: Per Kramer, Engel og Nikolai Astrup og Aagot Kramer. Framme: Kari Astrup.
Fotograf: Tollef Sandal.

Anders O. Klakegg:
Astrup, Kinck og Jølster
Norsk Bokreidingslag 1987

Det kom ut eit stort band um Nikolai Astrup nyleg, men Anders O. Klakegg legg fram mangt nytt um den store kunstmålaren i boki si som kom kring årsskiftet, «Astrup, Kinck og Jølster».

Klakegg som både driv med dikting og bygdesogeskriving, kjenner Jølster,bygdefolket og Astrup-minnet som ingen annen.

Nikolai Astrup var kring tri år då far hans vart sokneprest i Jølster i 1883, dei kom frå Bremanger. Faren var ein «stokk konservativ» embetsmann, godtruen og einvis, men ikkje utan hjartelag. I fyrstningi var han heller uviljug til at eldste sonen skulde verta kunstmålar, men han gav seg på det litt etter kvart, for evnone til Nikolai slo ut tidleg. På eit av bileti hans som no er på Rasmus Meyers Samlinger («Tun i Jølster»), hev me ein raud hane på stabbursveggen. Ein slik hane måla han sjølv på veggen i gutedagane.

Nikolai Astrup vart elev på Harriet Backer-målarskule (1899—1901). På skulen var han den fattigaste millom dei fattige, stundom levde han på havregryn etter di den kosten fall rimelegast, vert det fortalt. Når me tenkjer på kor vanskeleg det var for ein presteson — son til ein embetsmann som må reknast for velhalden — å gå på skule den gongen, må det lett falla oss inn korleis det kunde vera for andre som ikkje hadde embetsmannsløn i bakhand.

Nikolai Astrup gifte seg med Jølster-jenta Engel Sunde, og han vart verande i Jølster alltid, sterkt knytt til naturen, bygdekulturen og folket, liketil, utan påtekne faktor, rett nok med stipendturar til utlandet og langturar i samanheng med utstillingar. I Jølster var «trolldom, eventyr og mystikk i sjølve namnet», skreiv ferdatalaren for Noregs Ungdomslag, presten Rasmus Haugsøen. Ikkje berre Jølster-naturen, men segner og gamle sogor var med og inspirerte Astrup.

Astrup hadde det som gjerne vert kalla kunstnarlynde, han var sårhuda, var og nærtakande, glad i alt levande, i plantar og dyr. Han døydde i 1928 av lungebrann, berre 48 år gamal, for lengst kjend og godkjend i norsk biletkunst.

Nikolai Astrup var god ven med Hans E. Kinck, og den store diktaren vitja kunstnarvenen sin i Jølster. Astrup illustrerte, som me veit, sume arbeid av Kinck. Klakegg let prenta ei rad brev frå Nikolai Astrup til Kinck, skrivne i tidbolken 1917—1922. Brevi hev ikkje vore prenta før, og dette gjer ikkje det verdfulle bokverket mindre verdfullt. Sameleis er her prenta ei skildring frå Jølster av Turid Astrup, dotter til kunstnaren, no busett i Danmark. Ho er målar som faren. Ei liti ættesoga finn me òg.

Ei serskild gleda ved denne boki er alle dei gode avprent i fargar av Astrup-bilete. Framsida skin imot oss med, som rimeleg kan vera, eit av Astrups serkjenne, eit trolsk jonsokbål. Papiret i boki er utsøkt; målet er sterkt og godt. Både Klakegg og Bokreidingslaget skal ha heider for verket.

J. Kr.

Daude bokstavar

Or «Tuftekallen»
Av Eigil Lehmann

God kveld, godt folk!

I kveld hev me høyrt mykje um norske lover. For lover er gode ting, dei segjer oss kva me skal gjera og ikkje gjera, og dermed segjer dei oss noko um kven me er og ikkje er.

Soleis skal godt folk ikkje fara åt, segjer me, eller «dette er åtferd for bra folk». So er det og viktig at lovene vert fast forma i ord og ordlag og ihugkomne. Logsogemenn var mykje vyrde. Og uppskrivne lover var med det fyrste som vart bokfest, tenk berre på Israel og gamletestamentet. Dei gledde seg med ordi i Moselovi, «søtare er dei enn honning, enn flot fra vokskakor», kvad dei. Og ikkje ein bokstav måtte brigdast. For i ordi var det dei budde, lovvedtaki, dei var huset dei var innhyste i, og kom huset i forfall då var det fåre for det som heldt til der inne. Like eins som kroppen er bustad for sjeli og åndi.

Dette gjeld alt mål. Det er som ein bunad, ein klædning, som kroppen lyt hava um seg um han ikkje skal forkomast. Med ein klædning er det so, veit me, at han er vidare enn kroppen. Og jamnaste er kroppen tilskøytt anna tarvende, skor, brillor, armbandsur og slikt. Alt dette er i seg sjølv daude ting, men dei er livs naudsynlege, livet greider seg ikkje utan. Med ordi er det so at dei ber vidare eit minne. Difor er det og fylgjerett at ordi sjølve inneheld minne frå andre tider og andre stader. Med vårt mål er det òg so. Skriftmålet hev ein brote med minnebokstavar, slike som me ikkje segjer, men som hev fylgt med frå upphavet. Me kallar dei daude, men dei tener livet. Difor skal me ikkje vera uvyrdne med dei. Ivar Aasen tok med dei fleste nordl.ske minne-bokstavar i sitt skriftmål, både i ordstomar og endingar. Sidan er mange av dei kasta, eg trur ikkje det hev vore godt for målet, det vert mindre motstandsført mot alle slags påkjenningar. Her trur eg me må venda um og finna ein måte å gjera det på. Eg hev bala med det i mange år, men skal ikkje koma inn på det no.

Skal berre få segja det same i eit kvæde som eg nemnde:

Til ein annan skald

Grannabeina

Dú spilar deg só með orðó
- dú granninn minn.
Men orðæ hava 'ki klæði
sum fata gott íkring kroppinn;
orðæ hustra og frjósa,
dansa nakni í snjónó
fanga köl og fá sýki
til banabeig,
granninn minn.

Dú lýtur klæða orðæ
- dú granninn minn;
lata dei verma kroppinn
geva deim lívd og lygni
halda deim hús og skýli
draga dei inn át ára
té órna seg,
granninn minn.

Eg hevir góði klæði
- dú granninn minn.
Dú kann fá lána tá deim
ja dú má gerna fá dei
kauplaust, um dú vil væða
orðæ með deim, og klæða
klakinn ór limó pá deim
dú granninn minn.

Her og no

Vyrdslaus hadde einkvan vore,
teke fire kvartsidor av eit handskrift
etter Saxo
og bunde inn ei onnor bok,
men soleis vart sidone berga ned til oss:
Angers-fragmentet.

Me ser,
ei hand har skrivi teksti og etterpå
gjort rettingar,
ei onnor hand har gjort fleire rettingar og
eit langt innskot,
ei tredje hand har kome meire enn
hundrad år seinare
og gjort småe merknader
for å hjelpe.

Tre hender strekte ned til oss
gjenom nattsvarte rom,
og attum kvar hand
eit bankande hjarta med von for framtidi.

Eg vender mitt bleike andlet upp mot dei
og let fingretuppane deira strjoke
meg yver augone.
ikkje ein ljod, ingen munn,
ikkje eit bilete,
berre handflator,
naglar,
turr, skrukkut hud på handbaken.
Tre ukjende hender.
Eg skulde ynskt
eg hadde vore kunnig i kiromantikk.

Eg lyfter mine eigne hender mot framtidi
med eit blødande hjarta som ikkje
berre er mitt,
med ei skjelvande von som ikkje
berre høyrer meg til.

Arne Horge.

Landskappleik i Bø - eit 100 års minne

Landskappleiken i spel, folkedans og kveding 1988 skal haldast i Bø i Telemark frå torsdag 23. juni til sundag 26. juni. Tilskipar er Landslaget for Spelemenn, og Bø spelemannslag tek imot. Innmeldingane syner at dette vert den største mynstring hittil på ein landskappleik. Og det er rimeleg, for det er ei 100-årshøgtid òg. Den fyrste kappleiken i hardingfelespel her i landet vart halden i Bø i 1888.

Ein av storspelemennene i Telemark, Lars Fykerud, var vinnar av kappleiken i Bø i 1888, og til Landskappleiken 100 år etter er det reist eit minnesmerke yver Fykerud. Det stend på Akkerhaugen, og skal avdukast på siste kappleiksdagen, sundag 26. juni.

Elles og skal 100-årsminnet høgtidast. Spelemenn, dansarar og kvedarar av dei beste skal møtast laurdag 25. juni til eit storfelt program der teatersjef Finn Kvalem er torteljar, medan meisterspelemannen Knut Buen i Tuddal hev valt spelet.

Ei stor feleutstilling er som vanleg med i programmet for Landskappleiken.

Og det nyskipa laget, Norsk Folkemusikk- og Danselag, skal i samarbeid med Tuddal spelemannslag halda sumarstemna på Gaustablikk Høyfjellshotell, Kvitåvatn Fjellstoge i Tuddal, i dagane 22. - 24. juli. Der òg vert det kappleik, og Tuddal spelemannslag og Rikskonsertane skipar ein stor minnekveld for spelemannen Kjetil Løndal som var frå Tuddal og som døydde no i fjor.

Landsfestivalen i gamaldansmusikk vert på Vinstra 14. - 17. juli, og der òg er det rekordpåmelding.

Vestlandskappleiken i år skal vera på Hardanger Folkehøgskule på Lofthus 12. - 14. august. Der er Hardanger Spelemannslag tilskipar. Formann i laget er Lars Brattabø, Nå i Hardanger.

Um bladnamnskifte

Knut Rysstad, Kristiansand, skriv til oss m.a.:

I Vestmannen for noko sidan vart det nemnt at det kunde vera ein tanke å finna eit anna namn på bladet.

Eg tykkjer det skulde verta ålvor av namnebytet. Vestmannen er då eit blad for både vestlendingar, nordlendingar, austlendingar, trønder og sørlendingar. Klokt trur eg det var med namneskifte.

Eg vilde råda til å taka i bruk det namnet vestmannen Henrik Krohn sette på bladet han gav ut: «Frå Bygd og By». men helst berre «Bygd og By». Eller taka det gamle «Fedraheimen». Men kva so namnet vert, eit byte skulde det plent verta av.

Eg likar Vestmannen svært godt. Det er det einaste bladet eg les kvart ordet av. No kjem det òg meir på tidi. Og det trur eg er ovende viktig for eit blad, dette, å koma på fast tid.

Med helsing og von um god framgang
for bladet.
Knut Rysstad

Vardøger

Ovring med mange mamn
Georg Hygen:
Vardøger
Cappelen 1987

«Vårt paranormale nasjonalfenomen» heiter undertittelen i professor Georg Hygens bok, ein undertittel som det knapt er dekning for. Vardøgeret er ikkje sernorsk. På Island heiter det *fylgja,* eit ord som me kjenner att. Men hjå oss hev me rett nok mange namn —*fyreferd, fyrebod, fyrevarsel, foring, vardyvle, fylgja.*

Ordet *vardøger* er gamalt og etter Hygen samansett av verbet *varda* (= vakta, verja, varsla) og *hugr* (= hug, sjel, ånd). No er det likevel ikkje den språklege samanhengen Georg Hygen fyrst og fremst granskar. Det er sjølve *ovringi* han set under ljosstrålen, ei ovring som forlaget hevdar dei fleste truleg hev møtt. Hygen byggjer på eit stort materiale, i alt kring 700 brev um gåtefulle upplevingar, der 82 upplevingar hev med vardøger å gjera.

Kva er so eit vardøger? Med høveleg varsemd gjev Hygen att teoriar knytte til hallusinasjonar/telepati. Men etter di ingen i grunnen veit noko visst um grunnlaget for det som hev vorte kalla hallusinasjonar og telepati (hildringar og tankeyverføring), er ein like langt. Me fær nøgja oss med eit par døme, fritt attgjevne:

Ein innsendar fekk i unge dagar stundom vitjing av bror sin. Stundom hende det at han høyrde broren koma, turka av seg på dørmatta, setja lykjelen i låsen. So vart det stilt. Der var ingen. Eit kvarters tid etterpå kom broren, nett på same måten.

Melder vardøgeret seg når tvo eller fleire sit saman og ventar på nokon, hender det at berre ein høyrer det. Men stundom høyrer alle det:

Ei gift kvinne sat saman med syskenbarnet sitt og venta på mannen som skulde koma heim på ski. Dei høyrde at han kom, sette frå seg skiene og kosta av seg snøen. So vart det stilt. «Var det ikkje mannen din som kom?» spurde syskenbarnet forundra. «Han kjem um ei stund», sa kvinna, ho hadde røynslor frå før. Ei stund seinare høyrde dei det same um att, og då kom mannen.

Ofte tykkjest vardøger vera knytte til visse utvalde menneske. Folk talar um at ein person «hev vardøger». I nokre fåe tilfelle hev vardøgeret vorte synleg:

Ei kvinna såg gjenom vindauga at tanta hennar gjekk inn i huset til foreldri hennar på hi sida av gata. Etter ein halvtime gjekk ho yver til foreldri, ho vilde helsa på tanta. Nei, tanta hadde ikkje vore der. Då kvinna gjekk ut porten att, møtte ho tanta på veg inn. Tanta var på gjenomreise, kom rett frå toget, ho vilde sjå innum familien.

Gåtefulle hendingar skaper stundom uhyggje. Ikkje slik med vardøgeret, det skræmer til vanleg ingen. Ein innsendar fortel at dei sette middagen på bordet etter vardøgeret til far hennar; det pla melda seg 5 minutt før faren kom heim.

Georg Hygen skriv beintfram og lett, utan tyngjande framandord i utrengsmål. Boki er på gode 100 sidor og kastar nye glimt yver eit felt som folk flest berre anar litt um.

Jostein Krokvik.

Det er godt målarbeid
å tinga Vestmannen til ein ven. Bladpengar 100 kr. året.

SOLFUGL HOTELL

hotell HORDAHEIMEN
C. Sundts gate 18, N-5000 Bergen, Norway, Telephone 05/23 23 20, Telex 40926

• SENTRALT
• NYOPPUSSA
• HØG STANDARD-
DUSJ/WC OG FARGE-TV
PÅ ALLE ROM

EIT RIMELEG HOTELL I BERGEN SENTRUM

GOD NORSK MAT
FÅR DU PÅ:

GRILLSTOVA
I Hotell Hordaheimen
C. Sundts gate 18

BUL KAFFISTOVA
På Torget
Torget 1

BERGENHUS KAFÉ
På Strandkaien
med utsikt over Vågen
Strandkaien 4

NOREGS NYE STORBANK
ER DIN LOKALBANK!

Fokus Bank finn du 140 stader i landet. I storbyar. I innlandsbygder. Høgt til fjells – og i tronge Vestlandsfjordar. Sjølv om vi er Noregs 4. største forretningsbank vil vi vere ein desentral og lokal bank. Du skal finne oss der du bur!

Vi har gode tilbod til alle, som det er vel verdt å sjå nærmare på!

Kom innom din lokale Fokus Bank for meir informasjon!

FOKUS Bank

Ut frå Oslo

Tidsskriftet «Heimen» hev i mange år kome på Universitetsforlaget i Oslo. No hev tidsskriftet skifta forlag, og frå 1988 kjem «Heimen» på eit lite forlag i Lesja, A. Kiellands forlag A.s. I nr. 1/1988 stikk ikkje redaksjonen for glugg at ei årsak til flyttingi er misnøgje med Oslo-forlaget i sumt, m.a. hev kostnaden for bladet vorte høg, og tenesteytingane frå forlaget hev heller ikkje alltid vore dei beste. Bladet vert no sett på Dombås, medan prentingi gjeng fyre seg på Otta. «Heimen» hev note godt av ei liti andletslyfting, og den tekniske kvaliteten er minst like god etter utferdi frå Oslo. Bak «Heimen» stend Landslaget for lokalhistorie.

Um måltilfanget

Norsk måltilfang må nyttast utan skil kvar det finst, vestanfjells, austanfjells, nordanfjells eller sunnanfjells. Ein norsk måldyrkar lyt difor sjå lenger enn til si eigi bygdegrense.

Nikolaus Gjelsvik i «Von og veg»

SAGT:

Tunge klubber

Det skal visst tunge klubber til for å få avmystifisert sidemålsomgrepet, og banka inn i skallen på dei ansvarlege for morsmålsupplæringa og språksituasjonen i Noreg at dette er eit norskfag. Eg kjenner ein som gjerne ville ha kutta ut sidematematikken, om han fekk lov, eller sideengelsken, om det var råd, for ikkje å snakka om sidehistoria og sidekjemien.

Asgeir Olden i Dag og Tid

GARM D.Y.:

Fra en sproglig synsvinkel

Professor Fr. Fr. Gundersen var ute i eit blad og lufta «forståelse» for «en nasjonal samlende kultur» samstundes som han i strenge ord refste Rognlien i Justisdepartementet. Rognlien skal so ulikleg ha skjemt ut ei mengd «sentrale lover og proporsjoner fra en sproglig synsvinkel», m.a. hev han (Rognlien) skift ut ord som *regne, forhold, omstendigheter, betingelser, knyttet* med *rekne, tilhøve, omstende, vilkår, knytt.*
Alt i alt er det visst tale um ei uppnorsking, og slikt er, som Gundersen so råkande skriv, «et symbol på norsk provinsialisme og mangel på innlevelse i en felles kultur».

Rognlien brukar dessutan lusekufta, arme mann, og so vidt me skynar, hev denne lusekofta samanheng med ekshibisjonistiske tildrag. Noja, me hev lenge sett med mistru på Justisdepartementet.

Ein annan kjendis, Erik Gjems-Onstad, harma seg ille då lov um eigedomsskatt til kommunane var uppe i Odelstinget. Det var sjølve lovteksti som valda harmen, ord som *orskurd, oppattgift, oreigning og saksførehaving.* Ikkje alle jublar til alle bjeff frå Einar Førde. Ikkje me heller, alltid. Men den gongen snåva Førde yver eit fyndord som han sant nok ikkje saug or eige bryst, å nei, han hadde det frå sjølvaste Halldor Kiljan Laxness. «Dumskapen er som æva, han er endelaus», sa han.

Sidan me fyrst er i gang, ligg det nær å nemna litt um adjunkten frå Sandefjord som nyleg vart dirigent i riksmålskoret, Erling Granholt. Han var rekna for arbeidar-alibiet i riksmålsflokken, Granholt, heilt til han vart fremskrittsmann. Kva slag alibi han då vart, veit vel riksmålsforbundet. Men til topps i forbundet kom han, kor det no hadde seg. Slik kann det gå.

I bladet til den danske språknemndi finn ein nordmann mangt tankevekkjande. Du skulde ikkje tru det. Danskane brukar danske ord for grammatiske nemningar dei; ingen verb eller adjektiv eller substantiv der i garden, berre udsagnsord og tillægsord og navneord. Du store tid! Soleis var det visst i retteleg gamle dagar hjå målfolket òg, før me fekk offentleg målvern. Sidan vart det annan til schwung. Den som skulde prøva seg, lyt venta seg ein trykk - både i nisseluva og lusekufta. Me er ikkje provinsialistiske me, nei.

I Tyskland brukar dei utan skjemsle heimlege fagnemningar. Dei òg. Det same gjer frisarane og islendingane òg -. Dei gjer det vel dei fleste. Dei småe innvandrarflokkane må få halda sin eigen kultur levande, les me. So sant, so sant. Me kunde ikkje sagt det betre sjølv. Tyrolarane brukar tyrolarhatt. Palestinarane brukar palestinaskjerf. Baskarane talar baskisk. Men det er ikkje det same som lusekufter og tilhøve og umstende, det nei.

Gundersens felleskultur, ja. Ordet er ikkje nytt. Men me veit ikkje rett kva for ein felleskultur vår høgvyrde professor talar um. Ikkje i dag. Ikkje i 1988. Um det då ikkje er - ?

Me trur ikkje professoren tenkjer på nokon felleskultur eller samkultur. Han hev beintfram forskrive seg eller forskreva seg. Han tenkjer på eine halvparten av ein tvikløyvd kultur, den halvparten som hev sitt historiske upphav i framandt herremål og herrevelde.

Akk ja. Dei tvo elvestraumane som Moltke Moe i 1909 trudde vilde renna i hop og verta til ein straum, er nok framleis skilde. Me lyt leva med dei som hittil. Dei høyrer til vår samkultur. Bokmålsbrukande feinschmeckarar lyt framleis rekna med frostrislingar langs ryggen når sernorsk målgods et seg inn i deira skriftmål. Det lyt tolast, gut. Dei fær trøysta seg med at målsmak skifter med tilvenjing og upplæring, det er ein påstand som samnorskfolk hev noko rett i. Frostrislingane gjev seg nok med tidi.

Gåveliste for Vestmannen

Knut Rysstad, Kristiansand, 100,-. Nils Skjervheim, Tysnes, 50,-. Knut Rysstad, Kristiansand, 200,-.

Totalt 350,-

Me takkar gjevarane
VESTMANNEN
Helge Liland
5065 Blomsterdalen
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

BUNADSØLV — POKALER — PREMIER
Vi har gaver for alle anledninger
magnus aase A/s gullsmed
Strandkaien 6 — Telefon *32 01 60

Personkortet til sparebankane
Kortet dei snakkar om!
Bruk det som betalingsmiddel i Noreg og verda elles. Bruk det som kredittkort. Bruk det til a ta ut kontantar døgeret rundt i Noreg og elles i verda. Personkortet kjem langt pa veg i staden for kontantar og sjekkar — det finst ikkje noko anna kort pa marknaden i dag som kan brukast pa sa mange matar.

Alt du treng
SPAREBANKEN VEST

ISSN 0800-8647

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegården, Strandkaien 2, 5000 Bergen

Spennande og engasjerande lesestoff for gutar og jenter!

Norsk Barneblad er bladet med teikneseriar, fortelljingar, reportasjar, brevvener, matoppskrifter, kjøp og sal, natur og dyr, hobbystoff og mykje meir.

Norsk Barneblad er bladet som kjem beint heim i postkassa – to gonger i månaden.

Send meg Norsk Barneblad:
☐ 1 år kr. 121,- ☐ 1/2 år kr. 66,-
☐ 1/3 år kr. 49,-

Du får 3 nr. på kjøpet!

Namn: .....

Adr.: .....

.....

Postgiro 5 14 22 11 – tlf. (034) 16 488
3250 LARVIK

Norsk Barneblad



Bøker av Ludv. Jerdal frå Norsk Bokreidingslag

Festskrift til Ludv. Jerdal:
I høve 80-årsdagen til Ludv. Jerdal no i april sende forlaget ut dette staselege festskriftet på 224 sidor og med mange bilete. Attåt yrkessoga til jubilanten inneheld boki ei rekkje verdfulle artiklar og essays frå Jerdals eigi hand i 50 år - frå ulike felt i norsk, dansk og islendsk kulturliv. Ein sann og strålande rikdom!
I band kr. 195,-

Grundtvig og folkehøgskulen i dag
Ei stor og grundig jubileumsbok frå Grundtvig-året 1983. Forfattaren gjesta mange folkehøgskular i heile Norden og fann aktuelle far etter den store skalden og granskaren.
Illustrert i band kr. 130,-

Vestmannalaget i 110 år
Saman med Torleiv Hannaas og Conrad Clausen hev Jerdal skrive dette ruvande verket um lagssoga til det eldste mållaget i landet. Boki, som kom i 1978, hev eit rikt bilettilfang og er på heile 600 sidor.
I band kr. 200,-

Heimlandet dreg
Spanande roman frå 1946, som fortel um utferdstrong og vågemod og um den lengten som ikkje er stetta fyrr utefararen atter kjenner norsk grunn under føtene.
Hefta kr. 20,-. I band kr. 30,-

Gled venene med gode bøker frå

Norsk Bokreidingslag L/L
Boks 2672 - 5026 Bergen - Møhlenpris

Stor Nok For De Fleste